

KOMMISJONSDIREKTIV 95/55/EF**av 31. oktober 1995****om endring av rådsdirektiv 70/524/EØF om tilsetningsstoffer i fôrvarer(*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 70/524/EØF av 23. november 1970 om tilsetningsstoffer i fôrvarer⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 95/37/EF⁽²⁾, særleg artikkel 7, og

ut frå desse synsmåtene:

Det er fastsett i direktiv 70/524/EØF at innhaldet i vedlegga jamleg må tilpassast den vitskaplege og tekniske utviklinga. Vedlegga vart konsoliderte ved kommisjonsdirektiv 91/248/EØF⁽³⁾.

Granskinga av dei ulike tilsetjingsstoffa som er førde opp i vedlegg II og difor kan tillatast på nasjonalt plan, er ikkje fullført enno. Difor må godkjenningssperioden for stoffa lengjast med eit visst tidsrom.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste fôvareutvalet –

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Vedlegg II til direktiv 70/524/EØF vert endra i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 30. mars 1996. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utferda i Brussel, 31. oktober 1995.

For Kommisjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 263 av 4.11.1995, s. 18, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 101/1999 av 24. september 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. L 270 av 14.12.1970, s. 1.

(2) TEF nr. L 172 av 18.7.1995, s. 21.

(3) TEF nr. L 124 av 18.5.1991, s. 1.

VEDLEGG

I vedlegg II til rådsdirektiv 70/524/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. I del A "Antibiotika"
 - 1.1. nr. 29 "Efrotomycin" vert datoen "30.11.1995" i spalta "Godkjenningssperiode" endra til "18.4.1996" for dyregruppene "Smågriser" og "Svin",
 - 1.2. nr. 30 "Virginiamycin" vert datoen "30.11.1995" i spalta "Godkjenningssperiode" endra til "30.11.1996" for dyregruppa "Purker",
 - 1.3. nr. 31 "Sinkbacitracin" vert datoen "30.11.1995" i spalta "Godkjenningssperiode" endra til "30.11.1996" for dyregruppene "Slaktekyllinger" og "Svin",
 - 1.4. nr. 32 "Ardacin" vert datoen "30.11.1995" i spalta "Godkjenningssperiode" endra til "30.11.1996" for dyregruppa "Slaktekyllinger".
 2. I del D "Koksidiostatika og andre legemidler" nr. 25 "Halofuginon" vert datoen "30.11.1995" i spalta "Godkjenningssperiode" endra til "30.11.1996" for dyregruppa "Livkyllinger".
 3. I del F "Fargestoffer, herunder pigmenter" nr. 11 "Astaxantin-rik *Phaffia rhodozyma*" vert datoen "30.11.1995" i spalta "Godkjenningssperiode" endra til "30.11.1996" for dyregruppa "Laks, ørret".
 4. I del L "Binde-, antiklumpe- og koaguleringsmidler"
 - 4.1. nr. 1 "Syntetiske kalsiumaluminater" vert datoen "30.11.1995" i spalta "Godkjenningssperiode" endra til "30.11.1996" for dyregruppa "Melkekyr, storfe til slakt, kalver, lam og geitekje",
 - 4.2. nr. 2 "Natrolitt-fonolitt" vert datoen "30.11.1995" i spalta "Godkjenningssperiode" endra til "30.11.1996".
 5. I del N "Enzymer" nr. 1 "3-fytase (EC 3.1.3.8)" vert datoen "30.11.1995" i spalta "Godkjenningssperiode" endra til "30.11.1996" for dyregruppene "Svin (alle dyregrupper)" og "Kyllinger (alle dyregrupper)".
 6. I del O "Mikroorganismer"
 - 6.1. nr. 1 "Bacillus cereus var. toyoi (CNCM I-1012/NCIB 40112)" vert datoen "30.11.1995" i spalta "Godkjenningssperiode" endra til "30.11.1996" for dyregruppene "Smågris", "Svin" og "Purker",
 - 6.2. nr. 2 "*Bacillus licheniformis* (DSM 5749)/*Bacillus subtilis* (DSM 5750)" vert datoen "30.11.1995" i spalta "Godkjenningssperiode" endra til "30.11.1996" for dyregruppa "Smågris".
-